

Referat frå Styremøte i Myrkdalen LP hjå Terje Kvalfoss 21/8 2008

Desse møtte: Torill Årnot, Jorunn Hirth, Maria Petterson, Kjetil Skjervheim, Asbjørn Tveite, Per Backer, Arne Bystøl, Terje Kvalfoss, Gudmund Furu.

T-skjortene: Var ferdig til Myrkdalsdagen, ein del er selde, Gudmund har pengane for desse. Skal levera til kasserer Per snarast! Framleis salg, og nokre kan brukast som premiering!

Myrkdalsmarsjen: Vert skipa til søn 7. september kl 12 - 15. Jorunn og Asbjørn tek på seg å laga til mat, og Maria hjelper til. Satsar på lokal betasuppe med korv. Potet kjem frå Arne. Gudmund er ansvarleg for merking og oppgåver. Pris 100 kr for vaksne, 50 kr for ungar. Familiepris! Lysing to gonger + flygeblad. Har fått STREIF-midlar til dette.

Økonomi: Har fått spørsmål om tilskot til LP frå andre enn Fylkesmannen sitt LP-prosjekt. Voss kommune gav 40000 i 2007, og Statens Landbruksforvaltning gav 9000 til STREIF-arrangement. Per undersøker via Anbjørg Nornes om me skal ha meir frå kommunen.

Quis-opplegg: LP prøver å laga 3 kveldar med dette opplegget i sept – nov. Eit lag kan ha 3 – 5 medl. Førehandspåmelding. Info via flygeblad. Satsar på tredje ons i kvar månad.

Studietur: Søndag 28. sept til Jondal/Herand. Gudmund sjekkar om det passar for Herand LP, og om me kan få buss og sjåfør rimeleg. Påmelding, info via flygeblad. Pris pr deltakar 400 kr for reis + mat, for born 200 kr.

Seminar ”Verdifulle kulturlandskap” i Herand 5/9: Interesserte melder seg til Gudmund innan 1. sept.

Stimerking – rydding: Mest alle stiar er pr i dag rydda, litt er merka, men ikkje nokon er skilta.

Tilbod om dugnad frå hytteforeninga 20/9: Tek med takk mot tilbodet. Skal satsa på å rydda løypetraseen frå Årmotslia mot Røvhaugen.

Ymse:

Båtplass på Nesheim: LP ser positivt på at det vert laga til båtplass. Men det må skje på grunneigarar sine prinsipp. Ein jobb for grunneigarlaget? Reguleringsplan?

Gangbrua på Øyane: Viktig at den kjem på plass att! Slik det er no, fører det til unødig trakk i graset. Brua må lyftast høgare opp i terrenget!

Brua på Bygdastølen: Må utvidast og forsterkast slik at turløypenettet kan forlengast til Bygdadalen. Vonar dette er i orden før snøen kjem.

Neste møte: torsdag 25. sept hjå Jorunn!

Møtet slutt!
Gudmund Furu
-referent-